



ByggProsjekt AS
Morten Nytnun

Referanser:
Dykkar: Morten Nytnun
Vår: 16/1416 - 16/19522

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
11.10.2016

Godkjenning - oppføring av kai på Flatøy, gbnr 1/62.

Administrativt vedtak. Saknr: 327/2016

Tiltakshavar: Fredrik Lingjerde
Ansvarleg søker: ByggProsjekt AS – org.nr 986 574 174
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1

Saksutgreiing/vurdering:

Tiltak :

ByggProsjekt AS har på vegne av tiltakshavar Fredrik Lingjerde, søkt om løyve til oppføring av kai på Flatøy, gbnr 1/62.

Gbnr 1/62 er i reguleringsplan for Flatøy sør/aust – planid 125619971015 – regulert til friluftsområde og det er oppført naust på eigedomen.

Omsøkt tiltak er i strid med byggjegrense mot sjø og med arealformål på land og i sjø. Utval for drift og utvikling ga i møte 05.09.2016, sak 56/2016, dispensasjon frå arealformål friluftsområde på land, frå arealformål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner i sjø og dispensasjon frå byggjeforbod i strandsona for omsøkt tiltak.

Administrasjonen viser elles til søknad om løyve til tiltak og søknad om dispensasjon, journalført motteke 03.06.2016.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje kome merknader til varselet.

Høyring:

Vedtak om dispensasjon frå Utval for drift og utvikling vart sendt til sektormyndene for klagevurdering. Det har ikkje kome klage på vedtaket.

Lov- og plangrunnlag:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eigedomen er regulert til friluftsområde i reguleringsplan for Flatøy sør/aust. Planen gjeld føre kommuneplanen, jf føresegn 1.1 til komuneplanen sin arealdel.

Plassering og avstand til nabogrense:

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner dermed tiltaket som vist på situasjonskart journalført 03.06.2016.

Visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 03.06.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 30.05.2016. Ansvarlege i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring kai på Flatøy, gbnr 1/62.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt- og planteikningar journalført motteke 03.06.2016.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved

forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1-62

1-62 teikningar

Kopi til:

Fredrik Lingjerde

Mottakere:

ByggProsjekt AS

Morten Nytun